



Til ordførar

Frå Trygg Trafikk i Hordaland

Dato: 08.06.2016

Innspel til Barnas transportplan

Samferdsleministeren har invitert landets ordførarar til å gi innspel til *Barnas transportplan*¹. Innspela skal vurderast i samband med stortingsmelding om Nasjonal transportplan 2018-2029, som vert fremja av Regjeringa våren 2017. Målet er å lansere konkrete forslag som vil gjere kvardagen tryggare for barn og unge som ferdast i trafikken.

Eit trygt oppvekstmiljø for barn og unge og tidleg etablering av gode vanar i trafikken er fanesaker for Trygg Trafikk. Kommunen er ein viktig aktør i trafikksikringsarbeidet, m. a. som vegeigar, skule- og barnehageeigar og kjøpar av transporttenester. Me har derfor utforma følgjande tilrådingar som me ber ordføraren vurdere i samband med eige innspel til *Barnas transportplan*.

Bakgrunn

Stortinget har fatta følgjande vedtak:

«Stortinget ber regjeringen i forbindelse med utarbeidelse av Nasjonal transportplan om å samle omtalen av løsninger for trafikantgruppen barn og unge i et eget kapittel i form av en egen Barnas transportplan for å styrke helheten i Nasjonal transportplan².» (...). «Komi t e e n forventer at temaer som omtales i representantforslaget, herunder trygg skolevei, sikre soner rundt skolene, sikker transport, sikre holdeplasser og ikke minst forebyggingsaspektet blir godt ivaretatt i Barnas transportplan.»

¹ <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/samferdselsministeren-inviterer-til-dugnad-vil-lytte-til-barn-og-unge/id2479511/>

²Jf. Innst. 134 S om Barnas transportplan

Tilrådde tema, verkemiddel og tiltak

1. Alle barn må ha rett til ein trygg skuleveg

Dessverre har mange barn ein utrygg skuleveg. Kanskje må dei dele vegen med bilar i høg fart eller krysse farlege overgangar. Det er eit nasjonalt mål om at flest mogleg barn skal sykle eller gå til skulen. Foreldra avgjer når barn kan sykle åleine til skulen, jf. forskrift til opplæringslova § 12. Å sykle eller gå til skulen gir verdifull trafikktraining, reduserer biltrafikken rundt skulane og er bra for helsa og miljøet. Skulevegen må derimot ikkje gi barna større utfordringar enn dei kan takle. Mjuka trafikantar, særleg barn, har høgare skaderisiko i trafikken enn andre. Målet om å få fleire barn til å sykle og gå til skulen må derfor vere tett kopla til betre trafikktryggleik for barn og unge.

Kommunane eig mange viktige skulevegar. Trygg Trafikk meiner at skulevegane må ha høg prioritet i dei kommunale budsjetta for vegutbygging, drift og vedlikehald. Det bur mange folk langs skulevegane. Ein slik prioritering vil derfor også kome andre aldersgrupper til gode. Dette inneber at kommunane må tilførst tilstrekkeleg med midlar frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, gjerne øyremerka, til å kunne prioritere utbetring av skulevegar.

Viktige verkemiddel og tiltak for trygg skuleveg er:

- ✓ Raskare utbygging av gang- og sykkelvegar. Desse bør vere åtskilte og samanhengande så langt det er praktisk mogleg.
- ✓ Naudsynt utbetring av farlege kryss og overgangar.
- ✓ Etablering av fartsdumpar og betre ljossettjng.
- ✓ Fartsgrense 30 km/t i ein radius på 2 kilometer rundt skulane sine område, så langt det let seg gjere.
- ✓ Etablering av «sikre sonar» rundt skulane, med droppsonar, tidsregulerte bilfrie sonar og permanente reguleringar for å gjere skulen sine nærområde mest mogleg bilfri.
- ✓ Sikring av haldeplassar og avkøyringsstadar (ledegjerder, rundkøyringar e.l.).

2. Alle barn må få tilbod om sikker skuleskyss

I følgje dagens regelverk må busselskapa dimensjonere kapasiteten til normal trafikkmengd. Kjem det fleire passasjerar «enn normalt», er det lov å stå. Dette inneber at ein del barn må stå usikra under skuleskyssen. Trygg Trafikk meiner det må stillast strengare krav til transportselskapa. Dette bør ideelt

sett ivaretaast gjennom lovkrav, men inntil vidare bør fylkeskommunane setje sikringskrav ved innkjøp av transporttenester.

Viktige verkemiddel og tiltak for sikker skuleskyss er:

- ✓ Dimensjonering av skuleskyssen slik at alle elevar er sikra sitjeplass med trepunktssle.
- ✓ Framleis rett til fri skuleskyss for elevar med særleg farleg skuleveg.
- ✓ Innføring av krav til alkoholås i køyretøy som driv persontransport mot vederlag, i tråd med Stortinget sitt vedtak, jf. Innst. 282 S (2014–2015).

3. Alle barn må få ei god og systematisk trafikkopplæring

Kvar dag er barna trafikantar, både på vegen til og frå barnehage og skule. Nærmiljøet er ein viktig læringsarena for tidleg etablering av gode vaner, og dei fleste barn er jamleg ute i trafikken på turar i regi av barnehage og skule.

På barnetrinnet i skulen er trafikk i dag eit kompetansemål i kroppsøving etter 4. trinn («følge trafikkregler for fotgjengere og syklistar»), og etter 7. trinn («praktisere trygg bruk av sykkel som fremkomstmiddel»).

På ungdomstrinnet er trafikk kompetansemål i naturfag etter 10. trinn («gjøre greie for hvordan trafikkikkerhetsutstyr hindrer og minsker skader ved uhell og ulykker», «gjøre rede for begrepene fart og akselerasjon, måle størrelsene med enkle hjelpemidler og gi eksempler på hvordan kraft er knyttet til akselerasjon», «følge sikkerhetstiltak som er beskrevet i HMS-rutiner og gjøre risikovurderinger»). Trafikk vert òg tilbydd som valfag på stadig fleire ungdomskular.

Barnehagen sin rammeplan har ikkje tilsvarande mål i dagens fagområde, men i forskrift om miljøretta helsevern omtalast barnehagen sitt ansvar for haldningsskapande arbeid med omsyn til både personell, foreldre og barn.

Omfanget og kvaliteten på trafikkopplæringa varierer, og er ofte basert på eldsjeler.

Viktige verkemiddel og tiltak for god og systematisk trafikkopplæring er:

- ✓ Styrkje barnehagen som arena for etablering av gode vaner i trafikken.

- ✓ Ei meir systematisk trafikkopplæring i skulen, t.d. gjennom teoretisk og praktisk sykkelopplæring. Gjennomgang av kompetansemåla for å sikre heilskap og progresjon.

4. Barnehagar og skular bør integrere trafikktryggleik betre i det lovpålagde HMS-arbeidet

Det varierer i kva grad barnehagar og skular integrerer trafikktryggleik som ein del av det lovpålagde HMS-arbeidet. F.eks. har berre ca. halvparten av barnehagane nedfelt skriftlege retningsliner for transport i privatbil og offentleg transport. Trygg Trafikk har utvikla godkjenningsordninga «Trafikksikker kommune», som inneheld ein rekke kriterium for systematisk og tverrsektorielt trafikksikringsarbeid, t.d. i barnehagar og skular. Dette inkluderer trafikkopplæring integrert i årsplanen, rutinar for turar til fots, med bil eller buss/trikk, og oversikt over tema trafikk på foreldremøte/i foreldresamarbeidet.

Viktige verkemiddel og tiltak for betre integrering av trafikktryggleik i det lovpålagde HMS-arbeidet:

- ✓ Alle barnehagar og skular bør godkjennast som ««Trafikksikker barnehage» og «Trafikksikker skule».

Ta gjerne kontakt med underteikna for meir informasjon.

Med venleg helsing

Knut Olav R. Nestås

Distriktsleiar Hordaland

Tel: (+47) 41 20 61 32

E-post: nestas@tryggtrafikk.no

Trygg Trafikk

Agnes Mowinckels Gate 5

Postboks 7900

5020 Bergen

www.tryggtrafikk.no

